

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 4

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Uvdal

Emne: Baking

Bygdelag: Kyrkjebygda

Oppskr. av: Anna Samuelsen

Gard: Skogheim

(adresse): Uvdal i Numedal

G.nr. 61 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. eiga røinsleB. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Gunhild Amundsen 72 Uvdal. Budde ~~med~~ hushjelp m.m.

## 1. SVAR

Korn og kvern.

I gamal tid vart alt kornet male ~~paa~~  
bekkekvern, men endaa eldre er vist haandkvern. Utav dei  
fins det ingen att her i bygde, men nokon gamle kverne-  
steinar finn ein her og der, og me kan sovitt hukse dei  
gamle saltkvernan, dei saag lik eins ut. Ingen nolevande  
kan hukse at handkvernar vart bruka til kornmaling, men  
Gunhild Amunson kan fortelja, att daa mor hena (født 1832)  
var liten og budde paa "Taterfløtin" i Nore, molfar ~~for~~  
henas bark paa slik ei kvern. Det var til blanding i  
brømjøle eit uaar som maa ha vore millom 1840 - 54. Helst  
siste aare, for daa veit eg det var so kalt, ei gamal  
kjerring som budde jaa me i 1926 gret aa snakka om haa  
vont dei lei av frost i seterflutninga ved st. Hanstier  
i 1854. Solenje dei bruka hand ell' bekkekvernar vart det  
berre male sammale mjøl, men etter det kom bugdemyller  
vart det raad aa faa "sikta mjøl", dei kalle. Skrekt mjøl.

Naar det var teke av nokk "veggerand" til saafro neste  
aar bruka dei resten til baking av brø, men det uvandaste  
"lettin"-vart teke til flatbrødbakst.

2. Mjølet.

Dei bruka nokk ~~sikta~~ mjøl til baking før bygdemøllerne

kom, men daa maattekvar mann sørje for siktina sjøl,  
og til det bruk hadde dei med seg eit ganske stort traug  
~~med~~likkbund i . Det var fullt av huller i, akurat som ei  
potetrasp.Uppi det trauge auste dei so noko mjøl, og so  
sto dei aaver eit bord og rista det at aa fram til det  
berre laag att agner og rusk i trauget, det som var att  
tok dei med seg heim til kryture.Slik eit trøg kalla dei  
"siktetrøje". Eg fek eit slikt trøg i forering av ei ga-  
mal 90 aarig kjerring som døide her i 1926.Det var system-  
terson høna som skulde hatt det, men daa mann høna vilde  
forære han det berre lo han og sa at det ikkje var noko  
tes.Det kona nokk koma den dagen, daa det vart bruk for  
slikt eit trøg heretter og, meinte gamla. Eg trudde sjøl-  
sagt det samre, soleis har eg trøje og skal tegne det.

3).

Nymale mjøl er aldri rekna for aa væra godt aa  
baka av, best naar det har staue ei tid,men ikkje so len-  
je at det er blit traatt.Dei tek alltid inn mjølet ei tid  
før dei bakar det, so det fer lite lonk i seg.Har ikkje  
noko sers ord for mjøl som kjem rett fraa kverna.

4).

Fellesnavn for all mjølmat er "gron".

5).

Det hende før, daa dei brukte grovere mjølslag til  
flatbrøbakst, atdet var to om arbeie, for det var vanskele-  
gare med steikinga av det gamledagse "lettebrøe" som dei  
stondo hadde poteter i og . Var det daa eit helst gamalt  
kvinfolk-som hadde tier aa ha tilsyn med steikinga var  
det bra.Bytearbeit med bakst og ana arbeid vart nok bru-  
ka, der det var lite kvinfolkhjelp paa den eine garden.

For det meste var kvar bygd forsynt paa bakstekjeringar  
før i tia, men det hende baade her i Uvdal og lenger

utaaver dalen, at eit ell' ana einsleg kvinfolk reiste til "Branes" (Drammen) og sette seg ned som bakstedeie, somme for heile livet, dei syntes at dei "kom seg upp" paa aa baka i byen.

Dei ymse slags brød og kake.

Fyrst nevne me flattbrø, "glohsppu", flatkaku, "liru", "eplekaku" (potatkaker), "byggvafla", fløitevafla, goro, julekaku, smultringar, byggkaku, rug og kveitekaku.

av dessa er det "glohsppu" som har ganje or bruk, dei ~~and~~ andre ~~slaga~~ helt ved i førsjellige formar. Ja so maa me ikkje gløime burt det beste av alt "lefseklingen".

6.

Brødslagan, ( sjaa ovanfor)

Flatbrø til helg og daglegbrø. Liru (laga av poteter og mel, trilla ut og steikt som potatkake) flatkaku, byggvafla, byg, rug og kveitekakubrukas i helg og sokne, men lefsekling, fløitevafla, goro, julekaku, smultringar og mist ein mengde ana rart - som eg ikkje hugsa - vart rekna for helgedagskost. Og enda var det skikk til for ca. 30 aar sea sea, o unskylle seg med at, "dæ æ no heimelaagaa", naar det kom gjester, men det vart no slutt paa det etter forrige verdenskrigen, daa dei hadde faat prøva det vel-signa "landsmjøle", daa vart n' god nok den goe byggen me har i Uvdal. Sovidt eg veit har det ikkje fraa andre bygdar kome noko brødslag som har navn etter andre bygder, om so hadde vore at eit kakeslag var lert i ei ann bygd, hadde slike navn som hardingkake o.s.b. ikkje vorte bru-ka, dertil er Uvdølingan for store onder hatten, dei hadde nok finni paa eit navn til dei sjølve.

7.

Noko navn som gjestvon ha me ikkje, men "fremmenmat" vart bruks før. Hadde dei kaker og slikt tok dei det, men noko dei altid hadde var romm o brø. Dei sette fram si stor

med sur fløte ogsaa tunnbrø(tunt flatbrø) føt aat dei av "rommebale ,men seinare sette dei fram talerken so dei kona ause paa det dei vilde.

#### 8. Glokake.

Eldre folk her kan godt minnas denti Glokaka vart ste steikt, men her hadde det navne "glohoppe". Deigen den var laga av var almindeleg brødeig hevd med gjær. Det vart klappa ut nokon smaa kaker paa eit bord. Dei var som smaa potetkakar i størrelse. Dei vart lagt paa ein fin glohaug , ret ner paa glørne ,onder strikinga holt dei paa aa lea seg paa glohaugen, derfor fek dei nokk navnet "glohoppu".

Dei skulde smaka so ommframt godt hvis dei var varsomt ste steikte, dei maatte snuas og passas godt unner steikinga.

No er slike kome heilt utor bruk, blandt skogsfolk og.

#### 9. Flatbrød.

Det bli altid baka to slags flatbrø, før iallefall,no bli det berre eit slagnokso tung av skrekt bygg med lite rug ell' kveite i. Det var ingen forskjel paa enten det var husbond, tenar ell' hantverkar som skulde eta brøe.

Det heite " tunnbrø", "gvandagsbrø", og "saterbrø". Det siste vart pakka og kløvkjørt til seters ell mytta til skogsmat, det hadde samre innhald som alm. gvandagsbrø, men var bretta i 4-6 , so det var skapleare aa frakte. Tunnbrø var fremmen og helgedagsmat.

#### 10. Knekabrød.

Brød med det slags navn er heit ukjendt i dena bygde.

#### xix 11. Leiv.

Med ordet "ein leiv", meiner ein ein leiv, enten han ligg paa bordet usteikt ell' han er steikt. Ei skive av ommste steikt brød vei eg ikkje ha de meiner med, menei brøsjive kalla det i gamle døgø "eit kakubryne". No bli det mest kalla "ei brøsjive".

#### 12. Lefse.

Det andre kalle lefse kalle ~~o~~<sup>me</sup> kling, ell' lefsekling  
(ein)

Uppskrift : 2 liter mysila mjølk  
 $\frac{1}{2}$  liter sur rømme  
 $\frac{1}{4}$  kg. margarin ell' smør  
 osso rug mjøl til det blir passe deig aa trille ut.

Vil dei bruke kveite istella før rug, maa dei koke upp  
 mjølk, smør aa floite og kna kveiten mens det er kokande  
 varmt, ellers bli det for seigt aa trille ut. Bruke dei  
 rug han dei berre lonke ~~ip~~ aa smelte de heile. Av dena  
 porsjonen kan ein faa lo kast kling. Eit kast kling er  
 $\frac{1}{4}$  leivar.  $4 \times 10 - 40$  klingar. Alle klingen maa trillas ut  
 før ein steiker. Ein legg eit stykkje papir meljom kvar  
 klingso'n ikkje heng isammen. Den maa steikas med så skarp  
 varme at ikkje leiven kan ligg roleg paa takka. Den snu ~~aa~~  
 eingong og legges oppaa hverandre til heile klingerua  
 er steikt, men mellom hver leiv som blir lagt oppaa hver  
 andre, maa ein breie godt over del lakene den ligger i.  
 Steike kling er eit vanskle arbei. Den skalvara fint  
 prikkete og ha ei lysegul farge. Steikinga maa ikkje ta  
 meir ell' ca  $\frac{1}{2}$  minut ellers er varmen for slapp, og tek-  
 nikken gal. Klingerua pakkes godt inn-aa ligger til  
 klingen er nesten heit kall. Saasmører ein kling for  
 kling mens den ligger paa ruva. Halve klingen bli smurt ~~aa~~  
 med godt nykjerna smørsaa legges den  $\frac{1}{4}$  dobbelt, pakkes  
 godt inn i laken og legges i ein holk i kjelleren og  
 pakkes godt inn mellom hver gang man tar ein kling.  
 Smørret maa være litt saltare end vanlig, da dei ikkje  
 er salt i klingen. Den holler seg i fleire uker, om vin-  
 teren saalenge man vil. Ein kan la den fryse aa tine den  
 op igjen, saa er den like god.

Kling vert altid baka til jul og paaske, ell'  
 hvis nokon skal ut paa ein tur er det vanleg nistemat.  
 O smørja smør paa klingen kalle me "o kline kling."

Ordet lefsekling vert bruaka. Lefse o kling meinas det samre med her, potetlefser og slikt kalle for "liru".

Lefsa er mjuk, men flatbrø er hart og sprøtt, det er skilmanu, osso innhalde daa.

## 13.

Flatbrø bli bretta, det som skal fraktas paa setre ell' anstann burti. Lefsa har eg skrivi ovafor om, den vert altid bretta i 4. Aa brette brø kalle me o neppe brøe. brøe. Me ha ikkjenoko navn paa hør bretten ell' paa det brøe som ligg ubretta.

Leiven maa brettas naa ein har snudd'n snudd'n paa takka ettepaa steiker ein han paa den andre sia aa legger'in saa isammen 4 ell' 6 dobbelt ettersom pakkassa er stor til. Ein legg farg uppaa leivea, siste gong ein steiker'n, for den skal ta mindre rom i pakkinga.

Bet er ingen som legg farg paa brød som ikkje skal brettas. Til flatbrød brukas enten saup ell tykk mjølk aa kna deigen i.

## 14.

Gjer og surdeig.

Røre isammen vatn og mjøl og faa det til aabli gjer er ukjendt her. For aa faa gjer maa ein bryggje øl.

Den gjeren som vart uppaa ølet, "tøppgaang" me kalle, røre ein mjøl inni, til den blir so stiv at ein med ei treskjei kan kline denront ini eit trøg ell' nute. Der stenn den til den er turr, so sjvv ein gjeren laus med ei sjei puttar gjeren i ein papirpose, det kan du ha'n om det var i aarevis. Den gjeren me kalle bøtneberme som sig til bøtten i øltynna sør ein paa flasku med lite øl aaver. Naar ein skal bruke den, helle ein ølet av,

tar den gjeren ein vil ha og slaar ølet paa igjen, den kan staa like lenge. Den tørre gjeren som skulde uplöisas vart slege paa littegran ~~lomma~~ kaffe med sukker i.

Ølgjer vart bruka til alslags brø. Tøppgjeren var best.

7.

Grannan laante tit gjer av einan, men hoko førbs om ikkje aa laane ut gjer etter solnegang ha me aldri ghat.

15.

Surdeig vart bruka når ingen ann raa var. Dei fek surdeig ved aa ta ei lita deigkaku og leggje burt i mjølboala til neste gaang, elles naar dei trengte den. Dei løiste surdeigen upp i kaffe med lite sukker i.

16.

Hin saa naar deigen var gjera nokk, forresten kan ein kjenne det paa lukten eller sjaa om den har auka i trøge. Altid naat mør hadde knad kakudeigen, gjorde ho eit hul ~~med~~ handa mitt i deigen, aalaga ein krøss i deigen, maar den var gjera nokk so var den krøssen nesten usynlen. Men eg har no ein ann mistankje at det var ikkje betre for aa ha merkje paa haar deigen var gjera. Dei krøssa nesten for all ting før, men dei vilde ikkje vedgaa seg, aat det skulde væra nokon beskyttis mot haugatye, eg trur no det var sanne meininje.

Dei brukte mjukt gjerbrød til dagleg no, men før brukta dei mykje meir flatbrød.

Brøet let dei helst bli nokon dager gamalt, dei rehar det ikkje for sundt aa eta nybaka brød, og so er det udrugare aa verre aa faa skare sjikkelege skiver av.

17.

Me høirde aldri om at steiketida paa surbrød varte lenger ell med almindeleg gærbrød. Det var väl ein times tid for baade surbrød og gjerbrød. Dei brukta samre slags varmestyrkje til begge slag. Brød som blia steikt i ein almindeleg komfyr vert altid snud ut inn eingong unner steikinga, men alldrig väta det unner steikinga. Pakke ned varmt brød etter steikinga gjer ein ikkje med nokoslag brød, ~~eller~~ ikkje surbrød, vart behandla som ana brød.

18. Hardt gjæra brød.

Alt som stend i dena overskrifta er heilt ukjendt her i bygda og kan ikkje svarast paa.

19. Steikinga.

Eg gaar ut fra at det er steiking av gjerbrød de meiner no. Det var ikkje so faa som hadde slike store mura bakeromma før. Daa var det altid slik at døra og luftglugge i bakerommen kom ut i dem eine sia inni peisen. Sjaa tekningen:

so det vart i stugu dei daa  
hadde brøsteikinge for det meste.

Døra til bakerommen kom ut i ~~peisen~~ og "bakenddin" av bakerommen var uti ~~gangen~~, so det vart tit det fyrste ein møtte naar ein skulde inn i eit hus. Aarsakan var vel helst den, at der tok' n minst rom burt. Baade gjer og surdeig-brød vart steikte i den, og ved ettervarmen steikte dei flatkaku, julekaku og slikt.

20.)

Fleire eigalar om ein omm var det vist aldri, sjella var det vel og at nokon laantén og om so var, so tok no ingen noko leige for slikt. Daa vilde dei blit hatt kraftig moro <sup>i</sup> av andre.


21.)

God turr bjørkeved var det vanlege til aa heta upp bakerommen med. Gran jek an i mangel paa bjørkeved. Noko aaverblag om veamengda dei trengte til aa elle up ein bakeromn vart aldri snakka om. I dei tier slike omna vart bruks, var ikkje veaspørgsmaale so aktuelt som idag, dei berre ella til ommen vart heit nokk. Eg trur dei hadde ei mjølprøve paa hetin, e synd hukse mor dreiv ~~med~~ noko slikt. Var'n forvarm sto døre aapen ei stond. Salt har eg aldri høirt var bruks her i allefall.

Eg huksa at mor brukta ei glorake av tre som saag slik ut:



Med den kara ho ut varmen og glørne, so hadde ho laga ein kost av grønt furubar, den saag slik ut:



Den duppa ho i ei bøtte med kalt vatn og kosta omnen rein so det ikkje fants tekna til hverken kol eller oske. Mor var svert nøie paa det, det var eit tungt arbeid, mor trela slik at sveiten strirann av ho, stakkars mor ho hadde mann og 5guta og to jentur som var storetara alle.

Har aldri hört at dei la moko i bottem for at ikkje brøse skulde verta for harsteikt unner, dei vaska helst botten med furukostan og kalt vatn eit lengre bel.

Ettervarmen brukta mor til julekake-dei faa ganger me hadde dei-. Eller var det moko brøddeig, so steikte ho flatkaku, Kløivde so sommetier dei, og turka dei til skonnerokka, som me hadde med til skogs naar me plukka ber og varmen var for sterke, so smøre vilde smelta paa ei brøskive, so aat me skonnerok og drak vatten til og vaks upp allesammen, det var ikkje so nøie i den tie. Nokon turka nok ved og i ettervarmen i bakerommen.

Dersom dei ikkje hadde bakeromm greide dei seg paa ffeire vis. Den mest primitive maatin var aa steike eit rektig stort gjerbrød i ei stor pann. Naar brøse var lagt i panna sette dei den paaskraa up etter ein liten glohaug i pisten til kaku hadde hevd seg. So sette dei panna paa ein slett glohaug so ho sto vanrett, osso gvølvende dei ei ann pann ovanpaa og la gloa uppa den øverste

panna , so det vart gløa baade aaver og unner. Hadde dei bra øvelse i den steikemaaten, kona kaku bli rektig baade fin og god. Den steikemaaten vart brukta paa sine staer i bygda til for ca. 70 aar sea. Sogar paa Røiseland, den største garden i Uvdal.

Seinare ,daa det vart meir almindeleg aa bruke gjerbrød, tok dei til aa steike brøe miljom to takku. Dei stelte unnertakka up paa tri steina som underlagmeli-  
jom begge takkerne la dei 3 steina so passe høge at dat var godt rom til brøa. So la dei eit dugeleg ellsmørje paa den øverste takka-som sjølsagt hadde kølsia upp. -

Naar det so vart blitt fine gløa ,vart dei kara jamt unner den nederste takka, trudde dei det behøvdes,la dei eit lite ellsmørj uppaa den øverste takka att, men tiast var den daa varm nokk. So sette dei brøan inn, var det store takku , var det rom til 6 brøe. Unner steikinga vart brøa snud eingong so at den sia som snudde ut mot peisen kom til aa snu inn so dei vart ligt steikte paa alle kanta , brøe fek daa ei rektig fin brungul farge og var veldig gode, mykje finare smak ell' i dei almindelege

ovnabrø dei steike notedags. Til lag maatte slike runde brød væra sers fint steikt , For to slike brød skulle staa ein paa kvar side av 3 smørstaup-som daa sto paa langbo-  
re. Dei skulde væra til aa sjere av, for dei som ikkje lika lefsekling , som dei brukta ved sida av grynvelling til dugurs den fyrste dagen i eit lag.( bryllup ell' begravelse)

Var ikkje dei kakun som sto upetter smørstaupo fint steikt, fek dei nok kritik etterpaa av dei mest kritiske kjerrin-  
gan i laget. Steike brød miljom to omslaak ell' i ei gryte,  
har me aldri høirt om her. Men det likna mest paa detid  
dei steikte brød i ei panne tykkjer eg.

25). Grisling

Hvis dei brukte surdeig i brøe var det vanleg å  
grisle i den tide, dei brukte bakeomn, men seinare høirde  
me ikkje noko til det, det var sjeldnare at dei brukte  
surdeigg etter kvart. Dei brukte ein trespae som saag slik  
ut: 

Paa Den sette dei somaange brød det var rom til og  
rekte'n like inn i varmen eit øgneblikk so det vart nokon  
smaa prikka paa brøan, like før dei grov gløan ut or ommen

Daa det ikring 1885-90 vart komfyra i bruk, var gris-  
linje utor bruk. Det var somsagt brød sett med surdeig  
dei grisla her. Var ikkje noko sers navn paa elden dei  
grisla brøet i, heller ikkje noko sers navn paa brøe som  
Me kalla dei tiast grislekaku, dei andre gaangkaku.  
~~var grisla.~~

26). Brød som vert koka:

Brød som vert koka kjenner me ikkje til her.

27) Brød som vert koka. ~~i eit kar.~~

Slikt brød er og ukjent her.

28) Korleis gjøimer ein brødet.

<sup>seg</sup>  
Brød ell' "kaku" me kalle greier for ikkje å mugge  
i 8 dagar om sumaren, lenger om vinteren. Ovnsbrøe har me  
i ein holk i kjellaren, men endaa bør skal det vera om  
sumaren å leggje dei kvar for seg i ein kornbinge neri  
kornet. Flatbrøset vert altid sett i stabla paa ei mylle  
stabburet .

29) Kakastepler og figurkaker.

Benslags er heilt ukjendt her.

30)

Figurbred ell' figurkaker er ukjendt her.

31).

Kaker av mjøl og mjølk er mykje brukte her helst til

helgedagsmat , me kalle dei "mjølkekaku", dei vert steikt paa takka. Ein smurde godt inn eit stykkje av takka med fleskesvor ell' ana feit (smult i ei fille el. l.) so naa den kaku kona snuast ,la me den lengre burtpaa takka smurde att plassen der den fyrste kaku hadde lije ,slik helt ein paa til takka var fuld. Kvifor ein altid la røra paa samre flekken paa takka var ,fordi det er so leit ellers, at mjølkekaku vil menje seg fast , og bli det fyrst tull med mjølkekakusteikinge so veit du alder før det bli greie paa det att. Ein laga nok slike kaker i ein fart naa ein slapp op for brød. Dei varttitt smurt smør paa aa lagt i ei ruve naar dei var kalle ,og skulde ein daa ha neko sers god "fremmenmat" i ein fart ,slo ein nysila mjølk i ei panne og eit skrap godt smør og steikte det upp. Det vart rekna for fullgod meddagsmat, dei drak sot mjølk til dei som lika det. Slike kaku kunne i kalt vær enten ligje tåla ell' dei helt seg ganske lenje lel.

32).

Nokon slike kaker som ein berre knar ihop i handflata kjenner me ikkje til-anan som trekkplaster for verkefinger og daa bruker me deigen raa aa legger paa saaret, den er laga av sot fløite og kveitemjøl og ~~blir~~ dert brukta istella for kjøngsplaster og slikt.

33).

Av kaker steikt i jern har me goro og vaffel. Dei finaste vaflan er av egg sukker og fløite,goro av egg smør og fløite, samt kveitemjøl. Det er til stasmat, men til gwandagsmat bli brukta vafla av kokte poteter og mjøl ell' røre av bygg og kveite og mjølk. Røra kalle me vaffelrøre.

Nødbred:

Noko surogat for mjøl vart ikkje brukta her i siste krigstide.

34). Bork:

I manns minne har det ikkje vore brukta bork til blanding i brødmjøle, men Gunhild Amundsen som bur herkuksa aat mor hena, som var født i 1832 hadde fortalt at far hena (altso bestefar til Gunhild) mol bork til blanding i mjøle paa slik ei gamal handkvern dei brukta før bekkjekvernан var almindeleg. Han budde paa "Taterfløtin" i Nore. Det var smaat før'n og det var i eit Vaar helst i 1854. Det var so kalt ved St. Hans tier daa folk flutte paa setran, at det galt live paa baade folk og krytur.

35).

Det var bjørkebork som vart nytta. Det var mor til Gunhild som hadde fortalt hena om baade borkemjøl og brødmose (Ho dø i 1929 96½ aar gammal). Det var helst i sevjetia om vaaren dei tok borken. Han vart turka, knust og male. Dei som ikkje hadde kvern brukta sogar ei "kafferrulle, men av mykje større og sterkare slag. Tekning fyljer.

36).

Det var tilflatbrød borkemjøle vart brukta, det vart berre knad inni brødeigen som ana mjøl. Brød av berre borkemjøl var nok uraad aa faa laga, men me ja høirt noko om at i rektig galne tier brukta dei up til 2/3 borkemjøl og 1/3 anamjøl. Almemjøl har me ikkje høirt gjete her. Alm er forreisten eit tre som er heilt sjella her i bygde, me veit ikkje om meir ell' paa ei stelle i Uvdal det stend eitpar almetre.

37).

Om borkebrøe var sundt ell' ikkje har eg ikkje faat nokon greie paa.

38).

Nokon blanding for aa forbære borkemjøl veit eg ikkje om. 3328

Det vart snakka om at syregras vart koka og blanda i borkedeigen.

39). Mose.      og    40.

Mose til drygsel i brødet har vore bruaka mykje seinare ell' borkemjøl. Mose vart rekna som surogat for mjøl so i sers gode aar vart'n ikkje bruka. Dei meinte at mosebrøe var sund mat, der vart bruka i flatbrødeigen.

Maatin dei laga'n til paa var slik:

Fyrst vart mørmosen vaska godt rein, so var'n lagt i bløt i reint vatn blanda med ørlite ~~troeskhet~~ <sup>troeskhet</sup> ein par dager. Deretter vart'n vatna utt at . Daa var'n porøs og tjukk. so vart'n koka up. Daa'n vart kall stivna'n og saag ut akurat som stiv kalvedans. so vart'n blanda med mjøl — og stondo poteter-og baka flattbrød av. Det var helst ved St Hans tier dei henta'n ,aaja seinare og. Kor mykje mose dei hadde i forhold til mjølmengda veit eg ikkje, men dei spara ein mengde mjølog brøset vart rekna for velsmakande. Daa eg var i loaarsalderen (60aar sea) smaka eg brød som var baka av brødmjøl. Det var ei som hadde sukkersjuke og hadde faat det ~~xxxxx~~ raa av doktoren aa bruke brød av brødmose. Det var bakt av turt mosemjøl. Mosen var turka og male paa bygdemølla og det var berre littegran alm. mjøl i brøse for at det skulde hengs ihop onner bakinga. Det smaka ganske bra. Eg har eingong tenkt aa baka av slikt mjøl for moro skull. Fer eg det til skal eg sende dikka ei prøve.


41). Beinmjøl.

Beinmjøl har eg ikkje faat greie paa vart bruaka til noko slikt som aa ha i matmjøl.

xxxxxxxxxxxxxxxxxx

3328

Eit sibbetrøg



3328

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING




ei gammel  
handkvern

3328

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING




Ei kafferulle  
8586



1




2




3

Ein lefsekling.



1




2



3

4



5

Neppa Sæterbrød.

Teikna ut etter papirmynster, som ligg ved svaret.  
Mars 1951. R.F.

3328